



# Vik kommune

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
172/12	Formannskapet	10.12.2012
074/12	Kommunestyret	18.12.2012

Sakshandsamar: Ottar Wiik

Arkiv: 140

Arksaksnr.12/1067  
14

### Samfunnsdelen av kommuneplanen - Revisjon 2012

#### Kort samandrag

Framlegget til revidert *samfunnsdel* av kommuneplanen av 9.10.2012 byggjer på kommunestyret sitt vedtak i sak 10/12.

Planforslag vart kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn i oktober, med frist for merknader 30.11.2012.

Det var innan fristen registrert i alt 11 merknader.

Rådmannen rår til at planen vert vedteken med nokre mindre endringar.

Kommunestyret har vedtaksmynde

#### Rådmannen si tilråding:

Framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen for tidsrommet 2013-24 vert godkjent med dei endringar som er tilrådde i Rådmannen si saksutgreiing.

...

#### 10.12.2012 FORMANNSKAPET

Rådgjever Ottar Wiik deltok under handsaminga av saka.

Morten Holmberg (V) sette fram forslag om fylgjande tilleggspunkt i plandokumentet:

Tillegg til i pkt. 8 i samfunnsdelen:

- Mål om å få på plass kino i planperioden.
- Mål om å få på plass toalettfasilitetar på badeplassane.

Ved avrøysting vart det samrøystes vedteke å ta med desse tilleggspunkta.

#### FS-172/12 VEDTAK:

Saka blir lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen for tidsrommet 2013-24 vert godkjent med dei endringar som er tilrådde i Rådmannen si saksutgreiing og med tillegg av dei to punkta sett fram av Venstre.

Samrøystes.

## 18.12.2012 KOMMUNESTYRET

I høve til formannskapet sitt framlegg vart det samrøystes vedteke slike tekstendringar:

Under pkt. 6.2. pkt. 6: Siste setning skal ha slik ordlyd: *Ivareta og styrka nynorsken sin posisjon i undervisninga.* (Forslag frå Stig Roar Hovland Ap.)

Under pkt. 6.2. pkt. 8 (skal vera 7): Setninga skal ha slik ordlyd: *Auka fokus på sundt kosthald og meir fysisk aktivitet i skule- og barnehagekvardagen.* (Forslag frå Stig Roar Hovland Ap.)

Under pkt. 9.0. pkt. 5: Setninga skal ha slik ordlyd: *Vik skal ha eit godt opplegg for nynorsk-opplæring for innvandrarak. Dette skal vera ein del av tilflyttingsprosjektet «velkomen til Vik», for å letta deltaking og god integrering. Opplegget bør så langt som mogeleg vera på nynorsk.* (Forslag frå Stig Roar Hovland Ap.)

Under pkt. 8.0. pkt. 5: «Ligtvor» skal strykast, og punktet skal omtala badeplassar i kommunen generelt.

I tillegg må nummerering av tiltak under kvart hovudpunkt korrigerast.

### KS-074/12 VEDTAK:

Framlegg til ny samfunnsdel av kommuneplanen for tidsrommet 2013-24 vert godkjent med dei endringar som er tilrådde i Rådmannen si saksutgreiing og med tillegg av dei to punkta sett fram av Venstre i formannskapet:

\*Mål om å få på plass kino i planperioden.

\*Mål om å få på plass toalettfasilitetar på badeplassane.

I tillegg dei endringar som er lista opp under møteopplysningane. Samrøystes.

### **Vedlegg:**

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
03.12.2012	fråsegn til samfunnsdelenFU.pdf	82295
03.12.2012	Brev til Vik fråsegn til kommuneplan.BRS.doc	82294
03.12.2012	sak 22-F12 Fråsegn til kommuneplan for Vik, samfunnsdelen.pdf	82261
03.12.2012	Fråsegn kommuneplan.docx	82228
03.12.2012	fråsegn kommuneplan.docx	82227
26.11.2012	Vik kommune Sogn og Fjordane -Høyering av revidert samfunnsdel - uttale.doc.pdf	82132
23.11.2012	Høyeringsuttale kommuneplanen frå Vik eldreråd	82062
22.11.2012	Høyering av revidert samfunnsdel av kommuneplan for Vik kommune	82031
21.11.2012	Høyingsuttale - samfunnsdelen av kommuneplan	81970
31.10.2012	Fråsegn til offentleg ettersyn av kommuneplanens samfunnsdel 2012 - 2024 - Vik Kommune	81249
23.10.2012	Uttale - revidert samfunnsdel til høyering - kommuneplanen 2012 - 2024 Vik kommune	81040
03.12.2012 15:12:59	Vik kommune - fråsegn til føreslegen samfunnsdel til kommuneplanen	82367
05.12.2012	KP 2012 Handlingsplan 9.10.12.pdf	82447
05.12.2012	KP 2012 Samf.del 12 år- 9.10.12.pdf	82448

## **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

Plan- og bygningslova.

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn. Planprosess.**

Planstrategi og planprogram for revisjon av kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret i møte 27.3.2012, sak 10/12, i samsvar med Pbl § 11-13.

Vedtaket vart gjort etter ein omfattande planprosess som omfatta m.a. 2 arbeidsmøte i kommunestyret, 4 folkemøte og møte med Planforum .

Kommuneplanen har to hovuddeler: samfunnsdelen og arealdelen.

*Arealdelen* er under arbeid, og vil verta lagt fram som *eigen* sak seinare.

Det er no utarbeidd framlegg for *samfunnsdelen*.

Plandokumentet **samfunnsdelen** har to deler:

Del 1 Samfunnsdelen 2013-24 (12år)

Del 2 Handlingsplan 2013-16 (4år)

Framlegget til revidert *samfunnsdel* av kommuneplanen byggjer på kommunestyret sitt vedtak i sak 10/12.

Kommunestyret har i 3 arbeidsmøte i tida juni-september 2012 drøfta utkast til plandokument frå Rådmannen.

Formannskapet vedtok i møte 9.10.12 sak 144/12 å leggja ut planframlegget til offentleg ettersyn.

Planforslaget vart kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn slik:

- Annonse Sogn Avis 13.10.2012.

- Brev til høyringsinstansar m.m. med alle plandokument

- Kunngjering på Vik Kommune si heimeside m. lenk til plandokument.

- Utlegging på nærbutikk og skule i Fresvik, Feios, Vangsnes og Framfjorden, samt kundetorget i kommunehuset.

-Temaseminar og folkemøte 13.11.2012 i Kyrkjestova i Vik.

Frist for merknader var sett til 30.11.2012. Det er 7 veker frå kunngjering.

### «Pbl. 11-14. *Høring av planforslag*

Forslag til kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn, kunngjøres i minst én avis som er alminnelig lest på stedet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttalelse og eventuelt å fremme innsigelse til kommuneplanens arealdel skal være minst seks uker.

Av saksframlegget skal det framgå hvordan virkningene av planen og innkomne uttalelser til planforslaget har vært vurdert, og hvilken betydning disse er tillagt ved vedtaket. Det skal også framgå hvordan planen ivaretar nasjonale og regionale hensyn.»

§11-14 andre avsnitt krev ei vurdering av planen sine verknader, utgreiing om korleis innspel til planen er ivaretekne, og korleis nasjonale og regionale omsyn er ivaretekne.

### **Verknader av planen.**

Hovudmål er å snu folketalsutviklinga ved ei samordna satsing på tilflytting frå inn- og utland. For å lukkast med dette, må kommunen og lokalsamfunna takla store utfordringar med bustader, arbeid og integrering av framandspråklege.

Det ligg og i planen ein føresetnad og forventning om at bygdene i kommunen vert del av eit større bu- og arbeidsområde med gode og trygge samband til omverda.

Planen legg opp til ei meir aktiv forvaltning av verdifulle natur- og kulturressursar i kommunen.

### **Innspel til planstrategi og planprogram**

Innspel til planarbeidet vart gjeve i samband med at planstrategi og planprogram var på høyring og utlagt til offentleg ettersyn vinter 2012.

Det vart registrert 67 innspel, i tillegg til innspel på 4 opne folkemøte.

Innspel vart omtalte og vurderte i utgreiing til kommunestyresak 10/12.

Meir enn halvdel av innspela gjeld arealbruk, og er i liten grad relevante for samfunnsdelen. Ein del innspel er av slik art at dei ikkje høyrer naturleg heime i eit overordna plandokument.

Relevante innspel er etter Rådmannen si vurdering i hovudsak ivaretekne i framlegg til revidert samfunnsdel, i samsvar med vedtak og føringar i sak 10/12.

**Nasjonale og regionale omsyn** er ivaretekne ved at gjeldande lover på området, samt nasjonale og regionale planar og retningslinjer er lagt til grunn for planarbeidet.

Rådmannen kan ikkje sjå at plandokumentet på noko punkt er vesentleg i utakt med desse føringane.

Innspel til planarbeidet frå statlege og regionale styresmakter er etter Rådmannen si vurdering ivaretekne i planforslaget.

Det kan ikkje reisast *motsegn* («innsigelse») mot samfunnsdelen av kommuneplanen.

### **Merknader etter høyring og offentleg ettersyn.**

Det var innan fristen 30.11.2012 registrert i alt 10 merknader.

Nedanfor fylgjer Rådmannen si framstilling av hovudpunkt i merknader, og tilråding om aktuelle endringar i plandokumentet.

Berre merknader som er vurderte som relevante for plandokumentet er kommenterte.

#### **Avsendar:**

#### **Dok.nr**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune	82294 og 82295
2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	82367
3. Nordfjella og fjellheimen Villreinnemd	82261
4. Fiskeridirektoratet, region vest	82132
5. Direktoratet for mineralforvaltning	82031
6. NVE	81249
7. Kystverket	81040
8. Fresvik Sogelag	81970
9. Vik Musikklag	82227
10. Vik Idrettslag	82228
11. Vik Eldreråd	82062

## **Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesutvalet. 82294, 82295**

Fylkesutvalet uttalar seg positivt om planframlegget, og inviterer til samarbeid på område der fylkeskommunen kan bidra.

Av saksutgreiinga går det fram at aktuelle område er:

-Prosjekt for tilflytting og bygdeutvikling.

-Samferdsle og breiband. Opprusting av fylkesvegar i Feios er omtalt særskildt.

Fylkeskommunen støttar satsing på Vangsnes som eit framtidig utbyggingsområde for bustad og næring, og er innstilt på å bidra med tilrettelegging innafor samferdsle.

Vurdering:

Uttalen gjev ikkje grunnlag for endringar i plandokumentet.

## **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. FM 82367**

FM finn bra samanheng mellom vedteken planstrategi m. planprogram, og framlegg til samfunnsdel.

FM saknar likevel ein omtale av den delen av planstrategien som gjeld satsing på Vangsnes som utbyggingsområde for bustader og næring.

FM meiner at behov for utbyggingsareal bør dokumenterast og grunnleggjast, og viser særskildt til kap.7.2 om mål for gjestedøger og hyttebygging .

FM seier seg nøgd med mål og tiltak som er sette opp i kap10: «bruk og vern av natur og kulturmiljø.», og nemner særskilt delplan for småkraftverk, tiltak mot ureining av Hopra og Vikja, samt strandsoneanalyse som grunnlag for arealplan.

FM påpeikar uavklara mål og tiltak under pkt. 11.1 Kriseberedskap og 11.2. Brannvern.

FM er i hovudsak nøgd med måten folkehelse og integrering er omtalt på, men saknar omtale av sosiale skildnader i folkehelseperspektiv.

FM meiner det er viktig at oppsette mål for vern av matjord vert fylgt opp i arealdelen, og ser satsing på Vangsnes som utbyggingsområde som eit viktig grep for å hindra nedbygging av matjord nær Vik sentrum.

Vurdering:

Rådmannen er samd i at satsing på Vangsnes som utbyggingsområde for bustader og næring ikkje går klårt nok fram av høyringsdokumentet.

Satsing på Vangsnes er omtalt i kap.4.0, pkt.5 under «Delmål og tiltak»

Rådmannen rår til fylgjande tillegg i plandokumentet:

Kap.7.1.Hovudmål og strategiar. Nytt kulepunkt:

«Satsing på Vangsnes som utbyggingsområde for bustader og næring»

Kap. 10.3 Matjord og jordvern. Mål og tiltak.

Pkt. 3:«Satsing på Vangsnes som utbyggingsområde for bustader og næring, for å avlasta press på matjord i/ved Vik sentrum.»

Rådmannen meiner at ei samla framstilling av *strategi for arealbruk* mest naturleg høyrer heime i arealdelen av kommuneplanen.

Hovudlinjer i ein *arealstrategi* som omtalt over inngår i det vedtekte dokumentet

«Planstrategi og planprogram for revisjon av kommuneplanen», vedteke mars 2012.

Føringane i dette dokumentet skal liggja til grunn for ny arealdel.

Vurdering og dokumentasjon av arealbehov til utbyggingsformål er etter Rådmannen si vurdering ein naturleg del av arealdelen.

Mål for utvikling av reiseliv og hyttebygging er av plassomsyn ikkje utfyllande grunngeve i plandokumentet.

Det er etter Rådmannen si vurdering realistiske og moderate mål som ikkje forutset nye utbyggingsområde ut over det som er avsett i godkjende planar.

Rådmannen tilrår fylgjande tillegg/ending under kap.11.1 og 11.2 i langsiktig del:

11.1. Mål og tiltak:

«Vik Kommune forventar at lensmannskontoret og ambulansetenesta i Vik vert vidareført minst på same nivå som i dag.»

11.2 Mål og tiltak: « Vik Kommune skal gjennom Sogn Brann og Redning IKS syta for god brannberedskap i heile kommunen. Tiltak for betre sikring av det verna trehusmiljøet på Vikøyri skal greiast ut i planperioden.»

### **Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemd NFV 82261**

- NFV peikar på at tunnell under Vikafjellet vil fjerna ein viktig barriere for villreinen.
- NFV ber om at vidare hyttebygging skjer under skoggrensa, og at tilrettelegging med stiar og liknande styrer ferdsel utanom sårbare område.
- NFV ser positivt på at villrein er teke inn som tema fleire stader i planen.
- NFV etterlyser meir samarbeid og dialog i saker som vedkjem reinen sitt leveområde, og kjem med framlegg om at NFV og Fjellheimen villreinutval (grunneigarorganisasjon) vert nemnde som samarbeidspartar i kap.10.6.

Vurdering:

Rådmannen rår til fylgjande tillegg /ending under mål og tiltak i kap.10.6:

1. Vik Kommune skal i samarbeid med Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemd og Fjellheimen Villreinutval bidra til god forvaltning av villreinstamma i kommunen sine fjellområde.  
Vik kommune skal vera ein aktiv part i interkommunalt planarbeid for Fjellheimen villreinområde.

### **Fiskeridirektoratet, region vest FD 82132**

Uttalen gjeld i stor grad arealbruk, og er i mindre grad relevant for samfunnsdelen.

FD stiller seg positiv til framlagt samfunnsdel, og vil koma med meir konkrete innspel når arealdelen ligg føre.

Rådmannen tek med innspel frå FD i arbeidet med arealdelen.

Uttalen gjev ikkje grunnlag for endringar i samfunnsdelen.

### **Direktoratet for mineralforvaltning DMF 82031**

DMF har ingen merknader.

**NVE****81249**

NVE er nøgd med at planen set som mål at alle nye utbyggingsområde skal vera trygge for skred og flaum, og at skredfare i eks. bustadområde Hopperstadmarka og Prestberget skal utgreiast.

NVE håpar at ein kommunedelplan for småkraftverk kan vera nyttig for å sjå heilskapen når det gjeld småkraftutbygging i Vik kommune.

Vurdering:

Uttalen gjev ikkje grunnlag for endringar i samfunnsdelen.

**Kystverket KV****81040**

KV har ingen merknader til planen

Uttalen gjev ein nyttig informasjon om KV si verksemd, som grunnlag for arbeid med arealdelen.

Vurdering:

Uttalen gjev ikkje grunnlag for endringar i samfunnsdelen.

**Fresvik Sogelag FS****81970**

FS peikar å Notanaustet i Fresvik som eit særleg verdigfullt og verneverdig kulturminne som bør nemnast i planen.

FS peikar på at gards-og ættesoge no er laga for alle bygder med unnatak av for Feios og Fresvik . Dei ber om at det i planperioden vert sett av midlar til slikt arbeid.

Vurdering:

FS kjem i sin uttale med gode og viktige innspel.

Rådmannen meiner likevel at dei tema som FS tek opp må inngå i *kommunedelplan for kulturminne* som er under arbeid.

**Vik Musikklag og Vik Songlag VMS****82227**

VMS seier seg nøgde med målformuleringa:

«*Vik skal vera ein idretts- og kulturkommune*», og med at *festivalarrangement* er nemnt som viktig satsingsområde.

VMS ynskjer å bidra til vedlikehald og fornying av Notestova.

Vurdering:

Uttalen gjev ikkje grunnlag for endringar i samfunnsdelen.

**Vik Idrettslag VIL****82228**

VIL seier seg godt nøgde med målformuleringa:

«*Vik skal vera ein idretts- og kulturkommune*», og vil arbeida vidare med dette som mål.

Vurdering:

Uttalen gjev ikkje grunnlag for endringar i samfunnsdelen.

VE har innspel og kommentarar til fleire punkt i plandokumentet.

#### 6.1. Delmål og tiltak pkt.9. Legevaktsamarbeid

Vilkår knytt til eit evt. legevaktsamarbeid med Voss..

Vurdering:

Innspelet vert teke med vidare i arbeidet med evt. avtale med Voss.

Ingen endring i plandokumentet.

#### 7.3.2 Bygdeutvikling og bulyst. 3. kulepunkt.

Rådmannen les merknaden som ei tilslutning og understreking av formuleringa i planen, og ikkje som forslag om tillegg eller endring.

#### 7.3.4 Reisemålutvikling

VE peikar på behovet for godt vedlikehald og tiltalande utemiljø i Vik sentrum.

Vurdering:

Rådmannen meiner dette er ivareteke i pkt. 7.3.3 om tettstadutvikling.

#### 8.1. Kultur og fritid.

VE kjem med forslag om tiltak som skapar liv på Vikøyri, til dømes *haustmarknad* .

Vurdering:

Rådmannen meiner at forslaget om haustmarknad er godt, og bør utviklast vidare .

Rådmannen tilrår at slikt utviklings- og utgreiingsarbeid vert lagt inn under tiltak i *handlingsplanen*, kap 8.

Handlingsprogrammet, 6.1 Omsorg og Helse.

Rådmannen les merknaden som ei tilslutning til planen, og ikkje som forslag om tillegg eller endring.

### **Vurdering.**

Rådmannen meiner at innkomne merknader gjev gode og nyttige innspel til plandokumentet.

Rådmannen rår til å godkjenna samfunnsdelen med dei endringar og tillegg som er tilrådde i saksutgreiinga over.